

# KYRKJEBLADE

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

SEPTEMBER 1983

37. årg.

### Eksingedalen kyrkja 100 år

Søndag den 18. september skal 100-årsdagen for kyrkja på Flatekvål feirast. Eigentleg er innviingsdatoen 12.juli, men grunna dei ulike utbetringar ved kyrkja er dagen sett noko seinare. Då reknar vi med at det nye sakristiet er ferdig, og utvidinga av kyrkjegarden i orden. Oppussing av kyrkjegearden utvendes harog vore sers turvande

Ved festgudstenesta vil fungerande biskop, domprost Nils Monstad tala, og fleire av dei tidlegare Eksingedals-prestane vil vera til stades: Carl Erik Holm, som var sokneprest i Hosanger frå 1937 til 1950, og Gunnar Nagel Hartberg som var hjelpeprest med bustad Mo frå 1948-57. Etter gudstenesta vert det festsamvær i Ljosheim, og feiringa vert avslutta med konsert i kyrkja kl. 16.

Eksingedalen kyrkje er 100 år, men dette er ikkje den første kyrkja på Flatekvål. Dei reknar med at det blei bygt ei lita trekyrkje her i 1620. Ho stod til den nye kom i 1883. Vi finn tømmer frå denne kyrkja i eit hus på Binningsbø. Elles nyttar vi det gamle dåpsfatet den dag i dag, og kyrkjedøra frå gamlekyrkja står i våpenhuset. På Bergen Museum kan ein finna fleire ting: Eit alter-skåp frå katolsk tid, to tinnkar, altarkalk og disk, og tre lysekrona som hang i kyrkja.

#### NY KYRKJE I 1883.

Til 1881 høyrdde Flatekvål til Modalen sokn. Dette gjorde at dei aller fleste gudstenestene og kyrkjelege handlingar var i Mo kyrkje. Lenge var det berre ei gudsteneste i 8ret i Eksingedalen kyrkja, så folket måtte over fjellet. At dette ikkje alltid var enkelt, kan vi skjøna når vi tenkjer på at dei måtte fara med småborn til dåpen, og døde som skulle gravleggjast.



Eksingedalen kyrkje slik ho såg ut før oppussinga og utvidinga av kyrkjegarden. I neste nr vil me ha bilete av den oppussa kyrkja.

I 1881 vart Eksingedalen eige sokn, og då vart det noko betre. Samstundes arbeidde dei med planar for ny kyrkje. Dette vart store lyft for ei lita bygd som kan henda var det soknet i bispedømet. Då ein murmeister i Bergen skulle ha 12000 kroner for å reisa kyrkja, var dei klar over at skulle det verta ny kyrkje, laut dei byggja henne sjølve.

Anders Lavik lova å ta murarbeidet for tusen kroner, og han vart den drivande kraft bak byggverket. Kyrkja vart reist utan låneskuld, men då hadde ei heil bygd gjort sitt ytste for å få reist kyrkja.

Heilt ferdig vart ikkje kyrkja no.  
Dei vanta noko stein, slik at øvste  
delen av tårnet måtte byggjast på  
seinare.

12.juli 1883 vart kyrkja vigsla.  
Biskop, prost og prestar kom då over  
fjellet frå Mo, der tvillingkyrkja  
hadde vorte vigsla dagen før.  
Klokka i nyekyrkja ringde og kima  
då fylgjet reid nedeteer Flate -  
kvåslsl. Dette vart innleiinga til  
ein stor festdag for folket i dal-  
en.

No er hundre år farne, og me vonar  
på ein ny festdag den 18. september.

## Fint jubileumsskrift

Jubileumsskriftet i samband med 100-års høgtida for Mo og Eksingedalen kyrkjer er no kome."Kyrkje og kristenliv i Modalen og Eksingedalen" har redaktørane kalla boka. Dei to, fyrsteamanuensis Olav Farestveit og sokneprest Åamund Farestveit har granska eit stort kjeldetilfang, og laga ei levande og lettlesen saga om kristenlivet, heilt frå den tid kristentrua kom til bygdena her. Dei segjer i føreordet: "Me ermykje takksame fordi me får leggja fram dette jubileumsskriftet. Alle står me i ein samanheng med farne tider og dei som då levde i desse dalane. Tungt og trøngt hadde dei det so mang ein gong, men det er berrsynt at Guds ord var ljós for deira fot og grunnlag for dei- ra tru og liv. Med ynske om at dei kan tala til oss oss og, legg me fram denne boki."

Og det me får lesa om i boki må føra til djup vyrdnad for den offerhug og den omsut tidlegare etter hadde for at Guds ord skulle lyda og lysa i bygdene våre. Ved eit eineståande samarbeid og lysande eigeninnsats bygde dei kyrkja utan å leggja børor over på framtidia, og utan hjelp utanfrå. Tenk etter kva ein slik innsats vilde krevja av oss i dag. Me kan berre ta hatten av og bøyga oss i djupaste vyrdnad.

Utanom det reinte kyrkjelege, fortel boka også om dei kristelege organisasjonane og ymse aktivitetar. Boka syner at me har ein stor arv å ta vare på. Me har god grunn til å takka våre forbetrarar, og fyrst og fremst han "som sende sitt ord til Noregs fjell", og som framleis let det lysa for oss.

Det vil føra for langt her å ta med referat av innhaldet i boka. Kjøp henne og les henne!

M.V.



ANDERS J. LAVIK  
var den drivande krafta  
bak reisinga av Eksinge-  
dalen kyrkja i 1883. Han  
var far til Nils Lavik.

## Kyrkjeklokka

Tone: Kjærlighet er lysets kilde

Kyrkjeklokka kringom klinger  
fra de tusen tårn på jord  
og til by og bygder bringer  
bud her mellom fjeld og fjord  
Som med sang og bønn vil samle  
alle unge med de gamle  
Om vår Jesus, venn og bror  
og Guds eget sanne ord.

Kyrkjeklokka venlig ringer  
ind til dekket nattverdsbord  
under Herrens brede vinger  
av sin nåde rik og stor.  
Og som fager sol og sonner  
Han imøte glad oss kommer  
med den trygge tro og trøst  
i vår Faders hus og høst.

Kyrkjeklokka ennu kaller  
vær velkommen fjern og nær  
i en verden som forfaller  
ned i nød og striden her.  
Han som høge himler skapte  
vilde ingen går fortapte,  
er vår Frelser, liv og fred,  
her og i all evighet.

A.Jensen.

## Minnestøtte av Nils Lavik

Eksingedalen har frå gamalt av vore ein trond, isolert dal, ein utkant både kommunalt og kyrkjeleg, med heller liten busetnad. Det skulle ein ikkje tru når ein ser alle dei kjende namn som har sine røter herifra. Ein av dei som på ein særleg måte er kjend utover landet er Nils Lavik. Han var både bonde, emissær, bibelsku- lelærar, -men mest kjend som politikar. I tjue år sat han på Stortinget som den første representant for Kristeleg Folkeparti. Ved årsskiftet er det 100 år sidan han vart fødd, og søndag 4.sept. vil partiet avduka ei minnestøtte ved Flatekval kyrkje som heider for det han fekk gjort. Dette vert i samband med Kristeleg Folkepartis 50-års ju- ileum i Bergen. Statsråd Kjell Magne Bondevik vil foreta avdukinga. Lars Korvald vil tale ved gudstenesta. Vi reknar med storinnrykk til dalen denne dagen.

M.S.



Ofring i Eksingedalen kyrkja.



JUBILEUMSNEMNDA: Sitjande frå v. Kari Nese, Anna Vetlejord, sokneprest Steinnes, Magne Vetlejord, Gunvor Tyssen. Ståande frå v. Åsvald Lavik, Ella Høvik, Nils N. Nesheim og Reidar Fjellanger. Harald Lundestad var ikkje til stades.

\*\*\*\*\*

## Klatrerosene

Det er tidleg sumarmorgon, passande kjøleg i kjellarstova, no desse varme sumardagar. Halvt vaken, halvt sovande mediterer ein gjerne om "Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn".

Augene opnar seg gradvis, og der: Vis a vis meg i glaskarmen tittar tre vakre klatreroser inn til meg, smilande og nikande i morgenbrisjen, ak-kompagnert av vakre grøne blad. Eg kom i hug liljene på marka, som menneskehender ikkje steller med, men likevel er dei vakrare enn Salomo i all sin prydnad.

Eg vende meg i døri og liksom vin-ka til rosene, som var like smilande. "See you tomorrow morning at the same time." Det er muleg at eit norsk -amerikansk ektepar hadde sagt nokre godord til dei.

Ja, slik kan nokre vakre roser visa vegen til alt det vakre me hev i naturi, både det ein sjølv steller med, eller der Skaparen til alt liv tek seg av det aller, aller meste.

Her kjem eg i hug ein svensk vise-songar, Ernst Rolf, frå yngre år,-

eit par verselinjer "Strø noen roser på den vei du vandrer, så den ei blir så tung å gå." Og vidare: "Vi skal være vennlige og snille med hverandre, lærte jeg da jeg var stor som så - av mor."

Alderdommen kjem aldri åleine, sei-est det, og det lyt ein gradvis venja seg til. Og i sanning merkar ein at som dagen er, skal styrken vera. Dette ordet lærde me av bestemor på morssida, men akta ikkje so mykje på det då. Me minnast ho som ein venleg og smilande blomst like til hennar eldre dagar. Ho vart nærmare 90 år. Kor uendelig mykje kan ikkje eit smile på landevegen lysa opp i tilværet! Like eins ein blomst i knappholet, - ei helsing i postkassen, - og ikkje å gløyma, - ei nokolunde brukande alders-trygd.

Takkar me for alt det gode me får, sett i høve til alle millionar som lir sveltedøden? Nei, me gjer ikkje det. Gjennomgangsmelodien er som regel mis-nøye. Spørsmålet rettar eg fyrist og fremst til meg sjølv. Uansett.

Blomsterhelsing

A. Kåstad.

## HERREN VELSIGNE DEG

Kvar gong vi har gudsteneste vert den avslutta med den aronitiske velsigninga, frå 4. Mosebok 6.24: "Herren velsigne deg og vare deg! Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nädig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!" Desse orda kan nok dei fleste utan-åt. Men blir det ikkje ofte slik at ein høyrer, og likevel ikkje høyrer. Har du tenkt over det rike innhaldet i desse orda? Bibelnøkkelen for 18. juni i år hadde ei veldig fin samanfatning av rikdomen i denne velsigninga som eg gjerne vil dela med Kyrkjebladet sine lesarar:

"1. Hvem er Herren som bedes om å gi sin velsignelse?

Svar: I følge Det Gamle og Det Nye testamente i fellesskap må det være den treenige Gud, Faderen, som har skapt oss, Sønnen, som frelser oss, og Helligånden, som helliggjør oss under vår pilgrimsandring.

2. Hva er "velsignelse"?

Svar: Alle den treenige Guds gaver må vi ha i tankene: Faderens første og fortsatte skapergjerning for oss, Sønnens soningsverk på Golgata, og hans usynlige nærvær i kirke og misjon, - og Helligåndens tilsigelse til oss av rettferdigjørelse og helliggjørelse.

3. Hvorfor trenger vi at Herrens ansikt lyser mot oss, og at han løfter sitt åsyn i vår retning?

Svar: Fordi det ville være en bitter ulykke for oss om Herren skulle glemme oss om bare et lite øyeblikk. Til trøst og trosstyrking for oss ber vi altså om at Herren må gjøre det som vi fra Bibelen vet at han i inderlig gjerne vil gjøre.

Lyset fra hans ansikt er det bibelske herligetslyset (Luk. 2.9) Blikket fra hans åsyn er hans nærvær over oppsyns og allmaks blikk. Mat. 28.20, 18.20, Salme 33.13"

For meg vart dette stort. Vonar det også må verta stort for deg.

Bj.Th.

## Fine sommarstemner!

Sokneråda har skipa til fleire vellukka stemner i sommar. Tidlegare har me hatt referat frå Vikavasstemna. Me har ikkje plass til referat frå dei andre her og no, men kan meldt frå om at det var vellukka stemner på Nordviksæter ved Fitjavatnet i Bruvik, og Bergsdalen. Til Fitjavatnet hadde kring 50 vaksdøler teke ut, og fekk ei fin stemna saman med 60-70 frå Samnanger. Til Bruvik var det om lag 30 som tok ut. Der var det fin mottaking, og god kyrkjekaffi. Birger Tolås song til oss, og sjøl sa han at det vart som ein jubileumskonsert, etter di det var 70 år sidan første gongen han let si røyst lyda i Bruvik-kyrkja, då han vart døypt!

Bergsdalstemna var og vellukka, om det gjerne kunne ha vore meir folk.

## Aksjonsveka

Aksjonsveka i Dale kyrje vert noko seinare denne hausten - 18.-27. nov., for å få med oss misjonsprest Torfinn Hestad. Han har tidlegare vore på Dale, og me har tru for at det kan verta ei fin veke. Oppleget vert som tidlegare år, men misjonen vil naturleg nok få meir plass. Me vonar at alle som har tru for at Gud kan nå lengre ut i folket på Dale ved desse vekene, er med i bøn.

M.S.

## Kyrkjelydsfest på Dale

Det høyrer med at dei ulike arbeidslag i kyrkjelyden lagar til kyrkjelydsfest ein gong i året. Det har ikkje vore så lett å få dette til på Dale, men til hausten vonar me at det kan lata seg gjera.

2. oktober er sett av til fest i kantina til Dale fabrikker. Me vonar at de merkar av dagen både unge og eldre. Prost Steinar Ihle i Fana har lov å vera med, og han skulle kunna få dei fleste i tale.

M.S.

## Frå Kvam til Kamerun — Frå Øystese til Thailand

Samskipnadsmøte for Misjonsselskapet med misjonærvigslar

Helga 3.-4. september samlast misjonsfolk frå NMS til samskipnadsmøte i Øystese. Høgdepunktet vil utan tvil vere vigslig av nye utsendingar i misjonen si teneste. Randi Rotevatn Minde er gift med misjonsprest Rune Minde, og dei skal til Thailand etter språkstudium i England. Vidar Bøhn og Doris f. Pedersen, har alt arbeidd i Kamerun i vel fire år.

BEDEHUSET I ØYSTESE vil husa utsendingane til årsmøtet i Hardanger og Voss samskipnad av NMS laurdag ettermiddag og sundag, med stor misjonsfest laurdags kvelden.

Sundag vert det gudstenester i dei fleste kyrkjene i Kvam prestegjeld.

### LOKAL TILKNYTING

Randi Rotevatn Minde er frå Øystese. Ho er fødd i 1953, og er sjukepleiar. Rune Minde er frå Austrheim i Nordhordland, og har vore mykje med i NMS på Kvamshaug og Kvamseter, m.a. Vidar Bøhn er frå Kvam, og er fødd i 1953. Han har kontor- og teknisk utdanning. Doris er frå Stavanger, f.i. 1956. Ho har arbeidt på sjukeheim i Kamerun. Dei reiser attende til Kamerun etter årsmøtet.

### INNMELDING.

Samskipnadsmøtet er ope for alle interesserte. Send innmelding innan 29. august til Elin Rotevatn, Vavollen 5610 Øystese, tlf. 055-55197.  
Helge Unnland.

### HOLD SAMMEN MED ANDRE KRISTNE

«De holdt sammen, og hver dag samlet de seg trofast på tempellassen...» (Ap.gj. 2, 46)

Det var ett ord jeg spesielt ville trekke fram når jeg valgte dette verset. Det er ordet *trofasthet*. legg også merke til at her er dette ordet satt i sammenheng med kristne sammenkomster.

Gud vil at du skal ta trofast del i *De Helliges samfunn*. D.v.s. når det er kristne møter der du bor, skal du ikke la plassen din stå tom. Og har du ikke funnet din plass enda så møt fram — og fortsett med å møte opp trofast opp på møtene.

Om det er noen eller noe du ikke liker, skal du ikke la det hindre deg. For Jesus har lovet spesielt å være til stede når noen samles i Hans navn. Så skal vi få ære Ham sammen — trass i våre ufullkommenheter.

**H.C.H.**

(Innsendt)



Doris og Vidar Bøhn med Brigitte, 5 år, Kristine, 1 år, og Harald 6½ år.



Rune og Randi Rotevatn Minde og veslejenta Kristin.

### Hør min bønn

Hør min bønn, o kjære Jesus,  
hør en synder ber om hjelp.  
Syndens vei er meg for grusom,  
hjelp meg til å følge deg.  
Nå jeg ser din kross og pine,  
alt det gjorde du for meg.  
Rekk meg hånden, kjære Jesus,  
dra meg nærmere til deg!

Kjære Jesus, du som sagde:  
"Kom til meg fra syndens vei!  
Jeg frelste deg fra dine synder,  
kastet dem langt bakom meg.  
Ti som Østen er fra Vesten  
har jeg kastet dem fra meg."  
Takk, o Jesus, for din soning  
du gav på korsets tre for meg!

Skrive av Knut Herfindal natta  
til 11.4.1978.

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE

#### DALE

- 12.6. Magnus Rødland
- 26.6. Martin Johan Danielsen
- 10.7. Morten Bruvik Erdal
- 24.7. Marie Øpsen

#### STAMNES

- 17.7. Tone Merete Klausen
- 31.7. Eva Sissel Brekkhus
- 31.7. Ingelin Gammersvik

#### VAKSDAL

- 12.6. Erling Hisdal
- Magnus Rødland
- 3.7. June Eide Viken
- 21.8. Svein Hovlandsdal

#### EKSINGEDELEN

- 6.6. Morten Fjellanger

#### NESHEIM

- 10.7. Aina Fjellanger

#### VIGDE

\*\*\*\*\*

#### DALE

- 3.6. Åge Knutsen og Anne Britt Ølmheim (Voss)
- 11.6. Stig Langhelle og Turid Bang
- 25.6. Siv Bente Vedå og Arne Hesjedal

#### VAKSDAL

- 12.8. Hilda Bjørsvik og Ragnar Bjarte Tveit

### AVLIDNE



#### JALE

- 5.7. Normann Soltvedt

#### STAMNES

- 3.6. Dagnilla Fyllingslid, f. 1907
- 12.6. Anders Toskedal, f. 1978.
- 3.8. Magnhild Kalvik f. 1904

#### EIDSLAND

- 22.7. Gunnar Gullbra, f. 1940.



#### VAKSDAL

- 29.6. Alfred Olai Skulstad, f. 1897
- 29.6. Anfinn Hagebø, f. 1912
- 30.6. Nilla Knudsen, f. 1901
- 19.7. Elsa Fjærén, f. 1922.
- 3.8. Anna Dorthea Kvalvåg f. 1897.

## 50-årskonfirmantsamling Vaksdal

2. oktober

Samlinga for 50-årskonfirmantane i Vaksdal sokn vert i år 2. oktober. Me samlast til gudstenesta kl 11.00, og etterpå vert det kyrkjeaffi for jubilantane i bedehuset, og der er ektemakar velkomne og. Det vert enkel servering, hyggeprat, og oppfrisking av gamle minne.

Skulle det vera 60-70-80-årskonfirmantar som vil vera med, er dei og hjarteleg velkomne.

Så langt adressene er kjende vil 50-årskonfirmantane få innbyding tilsend. Av omsyn til serveringa ber me om at alle som vil vera med der sender innmelding til soknerådet, v. Olav Steinsbø.

Vel møtt!  
Vaksdal sokneråd.

## Konfirmantar i Vaksdal

17/9 1983

Markus Johannes Nordseth

Anfinn Stammeshagen

Olav Bernes

Arthur Malvin Hansen

Olav Herfindal

Bjørn Brørvik

Ole Sæterdal

Edevar Herfindal

Trygve Faugstad

Fina Synsvoll

Berta Erstad

Kjell Aasen

Erna Eriksen

Leif Arnold Kallekleiv

Klara Constanse Thunes

Leif Nielsen Hvidsten

Marta Herfindal

Rigmor Fosdal

# VELKOMEN TIL KYRKJE

**SEPTEMBER**

\*\*\*\*\*  
4.-15.sundag etter pinse

EKSINGEDELEN KL 11.00.

Sp.Steinnes m.fl.KrF.50 år.

VAKSDAL KL 18.00.

Rk Sønnesyn.Konfirmantpresen-tasjon.

11. - 16.SUNDAG ETTER PINSE.

DALE KL. 11.Sp Steinnes

Sundagsskuledag.

STAMNES KL 11.00 Rk SØNNESYN

Sundagsskuledag.

18. - 17.sundag etter pinse.

EKSINGEDELEN KL 11.

100-ÅRSHØGTID EKSINGEDELEN  
KYRKJE.

KL 16.00 KONSERT.

25.- 18.SUNDAG ETTER PINSE

DALE KL 11 Sp Steinnes og  
Lærarakademiet.Nattverd.

STAMNES KL 18. Lærarakadem.

EKSINGEDELEN KL 11.Lærarak.

VAKSDAL KL 18.Sp Steinnes  
og Lærarakademiet.Nv.

EIDLANDET KL 17.Lærarakad.

OKTOBER

2.-19.SUNDAG E.P.

BERGSDALEN KL 11.00.

Sp Steinnes. Nattverd.

VAKSDAL KL 11.Rk. Sønnesyn Nv.

9. - 20.SUNDAG ETTER PINSE

NESHEIM KL 11.30 Rk Sønnesyn Nv.

DALE KL 19.00 Rk Sønnesyn Nv

16.- 21.SUNDAG E.P.

STAMNES KL 11.00 SPSTEINNES Nv

VAKSDAL KL 11. RK. FAMILIEGT.

EIDLAND KL 17.Sp Steinnes Nv.

## Eksingedalen kyrkje 100 år søndag 18. september

JUBILEUMSGUDSTENESTE KL 11.00.

\*\*\*\*\*

Fungerande biskop Nils Monstad,  
prost Østtveit m.fl.

Felleskoret. Offer.

FESTSAMVÆR I LJOSHEIM KL. 13.00.

\*\*\*\*\*

MATØKT. HELSINGAR.

KONSERT I KYRKJA KL.16.00.

\*\*\*\*\*

Dale Mannskor.

Songarinna Solveig Hannisdal.

JUBILEUMSBOKA FOR MO OG

EKSINGEDELEN KYRKJER

til salgs på Samyrkelaget på Lavik  
og hjø Reidar Nygård på Mo.

Pris kr. 100,-

## Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medabeidrarar: Skrivarane i sokneråda. Kasserar:  
Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73, bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 25,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.